




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



UTVIDING AV FLÅSTRANDA OG HISDALEN NATURRESERVAT SUNNDAL KOMMUNE

Høyringsfrist 09.02.2023

2020/1384

Framside: Flåstranda sett over mot utvidingsarealet (Foto: Øivind Leren)

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova

Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 90/3 i Sunndal kommune gjennom ALLSKOG SA den 4. april 2022. Arealet på eigedomen omfattar 360 dekar og er ei direkte utviding og samanbinding av eksisterande Flåstranda og Hisdalen naturreservat. Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom fleire kartleggingar i 2001, 2003 og sist i 2016 gjennomført av John Bjarne Jordal på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at høyringa vert gjennomført.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur
 - b) representerer en bestemt type natur,
 - c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
 - d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
 - e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.


I et naturreservat må ingen foreta noe som forringør verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel."

Skildring av området

Utvidinga er del av ein lokalitet (Naturbase-ID BN00020410) med stor, urterik lågurt-furuskog med eit betydeleg artsmangfald, til dømes tre raudlisteartar inklusive god bestand av den sieldne reliktbukken.

Området er vurdert til verdi A (svært viktig). Lokaliteten ligg i ei bratt, sør-sørvestvendt lisiide mellom Oppdøl og Flå. Han grensar til berg, rasmark, edellauvskog og annan, ikkje avgrensa skog, i søraust og aust til friskare lyngfuruskog og bustadfelt, i ned til vegen til Flå. I overkant og mot søraust er grensa litt mindre nøyaktig enn elles. Deler av lia er berre undersøkt med teleskop, og avgrensinga særleg i øvre del er dermed litt grovere enn i nedre deler.



Kart med utvidinga vist med blått, eksisterande reservat med raudt. Grøn skravur viser naturtypelokaliteten BN 00020410.

Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt i austre del og glimmerskifer, granatglimmerskifer og glimnergneis i eit belte i vestre del (www.ngu.no). I dette kambrosilurbeltet kan det forventast ein meir kalkrevjande plante- og soppflora. Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmassar. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og svært varmt lokalklima.

Skildring og verdsetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for arter følgjer norsk raudliste fra 2015. Lokaliteten er opphavleg skildra av Jordal (2004, besøkt 25.09.2001).

og 27.05.2003). Han er også oppsøkt av andre, m.a. Geir Gaarder (2003) og Jarle Holten (pers. medd.). Området er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 10.10. og 13.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Vegetasjon, skogstruktur og påverknad

Naturtypen er hovudsakeleg kalkskog (lågurtvegetasjon), somme stader med ein del innslag av hassel. Lågurtskog vert i DN-handboka klassifisert som kalkskog. Delnaturtype er tørr kalkfuruskog. Skogen er dominert av lågurtskog til svak lågurtskog, stadvis med røsslyng og mjølbær, mosar eller vegetasjonsfattig strø, men mykje låge urter og gras. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), bjørk, furu (opptil 70 cm diameter) hassel, hegg, hengjebjørk, osp (opptil 60 cm diameter), platanlønn og rogn. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader. Stort artsmangfald av karplantar og oseaniske lavartar og sopp, til dømes bleik svovelriske (NT) og furufåresopp (NT). Av insekt er den sjeldne reliktbukken *Nothorhina muricata* (NT) funne. Dette er ei sjeldan bille knytt til levande, soleksponerte furutre.

I dag er det relativt liten påverknad på skogen, men tidlegare har den vore gjennomhogd. Skogen er såleis middelaldrande til relativt gammal med spreidd daudt trevirke (mest i øvre del), og litt gamle og grove tre, både læger og gadd av furu og lauvtre. Ei kraftlinje går langs vegen.

Verneinteresse

I evalueringa av ordninga frivillig skogvern av 2016 (NINA Rapport 1352) kjem det fram at lågare-liggande skogsområde med høg bonitet manglar i norske verneområde. I dette verneforslaget er det både rik edellauvskog og kalkbarskog, som vil bidra til større representativitet i verneområda for skog. I tillegg vil dette vernet binde saman to eksisterande verneområde og slik sett auke verneområda sin robustheit og minkar kantsoner til områder utan vern, og vil få ein auka verdi på storleik. Skogen her med naturtypen kalkfuruskog er svært sjeldan i Møre og Romsdal, og eit vern vil bidra til å redusere manglane i eksisterande verneområde.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert og stort skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur med store verdiar i form av gammal furuskog, gammal lauvskog, rik edellauvskog, kalkskog og ei bekkekloft. Området representerer ein bestemt type natur i form av ei stor bratt li frå fjord til fjell, der stor høgdegradient gir eit variert artsmangfald. Området har særleg betydning for biologisk mangfald ved at det er lite påverka av inngrep og kontinuiteten i gamle tre og daudt trevirke er god. Området er velutvikla og leveområde for sjeldne artar, spesielt varmekrevjande artar av plantar, sopp og insekt.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Andre interesser

Ingen kjende.

Tekniske inngrep

Ingen kjende, men det går ein veg ut til gardane på Flå nedom området. Vern vil ikkje vere til hinder for bruk og vedlikehald av denne.

Planstatus

I arealdelen til kommuneplanen er området sett av til LNF (landbruks- natur- og friluftsområde). Planstatusen er difor ikkje til hinder for utvida vern.

Skogbruksopplysningar

Tilbodsområdet er vurdert etter ny rutine for skogvern og tømmertilgangen. Konklusjonen er at tømmertilgangen ikkje vert påverka, då dette er bratt og ulendt terreng, med spreidd furu og lauvskog som ikkje eignar seg for taubane i dag. Denne typen areal har vorte plukkhogd tidlegare, då området blei brukt til hustømmer fra gammalt av. Det er så bratt at store stokkar ble «sleppt» i fjorden og fløta inn i fjøra (kjelde: skogbruksjef). Området er ikkje brukt kommersielt i nyare tid, og her er ikkje skogsvegar eller tilpassingar for moderne skogsdrift.

Oppsummert har det ingen konsekvensar for skog- og trenæringa at dette arealet blir verna.

Saksgang

Eksisterande naturreservat ligg på begge sider av denne eigedomen, og dette arealet var nyleg gjennom ein verneplanprosess som resulterte i vedtak om vern i desember 2021. Det er difor semje mellom grunneigar, skogeigarorganisasjon og miljøforvaltninga at ein kunne forenkle prosessen ved å la vere å varsle ny oppstart av dette arbeidet. Høyringa vil vere tilstrekkeleg opplysning og avklaring av berørte interesser.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist 09. februar 2023. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråseigner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd. Dette kan tidlegast skje i desember 2023.

Framlegg til endringar i verneforskrift

Forskrift om endring av verneforskrift for Flåstranda og Hisdalen naturreservat

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 77. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 17.12.2021 nr. 3683 om vern av Flåstranda og Hisdalen naturreservat, Sunndal og Tingvoll kommunar, Møre og Romsdal fylke, blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr./bnr:

Sunndal kommune: 90/1, 2, 3, 4, 91/1 og 4.

Tingvoll kommune: 102/1 og 2.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 8461 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert *Klima- og miljødepartementet [måned årstall]*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sunndal og Tingvoll kommunar, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

II

Forskrifta trer i kraft straks.